

## **Emnerapport (per 2011) HIM 201**

### **Praktisk gjennomføring**

Emnet vart gjennomført etter planen. Det var i alt 12 forelesingar med tre gjesteforelesingar.

### **Strykprosent og frafall**

F 5 prosent, 25 prosent frafall

### **Karakterfordeling**

A 9 prosent, B 32 prosent, C 36 prosent, D 14 prosent, E 5 prosent,

### **Ressurstilgang**

Undervisinga er ein dobbelttime forelesing i veka. Studentane har organisert kollokvier, men eg veit ikkje kor mange som har delteke på dette. Det hadde vore ønskeleg med seminar og/eller oppgåveskriving. Dette ville ha gitt eit kvalitativt betre tilbud til studentane.

### **Kommentar til studentevaluering**

Det var ikkje så veldig mange som fylte ut skjemaet på web, men inntrykket frå skjerma er at studentane er positive og at emnet og opplegget fungerer bra. Dette er også inntrykket frå tilbakemeldingar i løpet av semesteret.

På den tekniske sida: Power-pointframvisaren var øydelagt store delar av semesteret og reserveløysinga fungerte ikkje optimalt, og var ofte ikkje klargjort til forelesingane.

### **Studieinformasjon og dokumentasjon**

Som normalt.

### **Tilgang til relevant litteratur**

God tilgang til pensum. Studentane har hatt publiserte bøker, kompendium og artiklar på [www.jstor.com](http://www.jstor.com).

### **Akademisk redelighet**

Emnet har skuleeksamen

### **Studentaktiv forskning**

Emnet har bare skuleeksamen. Eg trur at oppgåveskriving kunne gitt eit betre tilbud og betre fagleg uttelling og forståing.

### **Internasjonalisering**

Emnet er internasjonalt. Undervisinga er på norsk og omtrent alt pensum er på engelsk.

### **Utvikling av emnet**

Dette er andre gongen emnet har gått, og eg har gjort tilpassingar i pensum og endra litt på forelesingsrekka. Det var svært positivt med dei tre gjesteforelesarane frå AHKR (Christhard Hoffmann, Nils Anfinset, Håkan Rydving), som gav tverrfaglegheit, variasjon, djubde og breidde. Dette semesteret har eg også vist film etter dei aller fleste forelesingane, ofte film med tematikk relatert til forelesinga, og

dette har fungert veldig godt, og studentane har heilt klart hatt nytte og uttelling av dette.

**Oppsummering av emneansvarlig**

Dette er andre gongen dette emnet har vore undervist, og dette har vist seg å vere eit emne med interesserte og aktive studentar.